



Samferdselsdepartementet

Dato: 21.09.2018

Vår ref.: 2016/149-19

Saksbehandlar: mattorg

Dykkar ref.:

## Utbetring etter tunnellsikkerheitsforskrifta - Økonomisk situasjon i Hordaland

Hordaland fylkeskommune har vurdert oppfølging av tunneldirektivet i sak til fylkesutvalet 21. juni 2018, jf sak 194/18. Bakgrunnen er at Statens Vegvesen har kalkulert kostnadene for å tilfredsstille minstekrava i tunnelforskrifta til 1077 mill. 2017-kr (inkl mva). I tillegg er det faglege tilrådingar frå Statens vegvesen om å få gjennomført utbetringar som er kalkulert til 1386 mill. 2017-kr, men det er ikkje endeleg avklart kor mykje av dette som skal gjennomførast.

For 2018 vart det gjennom tabell C-fk i Grønt hefte ført opp 42,4 mill kr. til tunneloppgradering. Hordaland fylkeskommune har sett av 60 mill kr. til tunneloppgradering i budsjettet for 2018. Med denne ramma vil ikkje tiltaka etter tunnelforskrifta bli ferdig gjennomført før rundt 2040. Hordaland fylkeskommune har eit av landet største etterslep på fylkesvegnettet, og må også prioritere anna vedlikehald av vegnettet.

Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune som skal slå seg saman i 2020 til Vestland fylkeskommune, er fylka med flest tunnelar i landet, og får særleg store utfordringar med å innfri tunneldirektivet.

I statsbudsjettet for 2015 står det om den økonomiske kompensasjonen i samband med tunnelforskrifta: "Oppfylling av kravene i forskriften skal utføres etter en tidsplan og skal være fullført innen utgangen av 2019." I NTP (St.meld 33 2016-17) står det at "Den økonomiske kompensasjonen som ble gitt i forbindelse med iverksettelsen av tunnellsikkerheitsforskriften på fylkesveg i 2015, blir også videreført til 2019."

Om tilskotet ikkje vert videreført og styrka, ser eg ikkje at det vil vere mogleg å nå krava i forskrifta i 2025.

På denne bakgrunn gjorde Fylkesutvalet i Hordaland slikt vedtak i sak 194/18 den 21. juni 2018:

1. «*Fylkesutvalet tar rapportering av utbetring etter Tunnellsikkerheitsforskriften til orientering og fylkesrådmannen kjem attende til oppdatert framdrifts- og finansieringsplan for tunneloppgradering.*
2. *Fylkesutvalet ser det vert store utfordringar med å finansiere oppgraderingane av tunnelane. Det er eit stort behov for å videreføre det statlege bidraget etter 2019 fram til oppgradringane er gjennomført, samt auke dei statlege overføringer slik at det vert i samsvar med dei faktiske utgiftene Tunnellsikkerheitsforskriften fører med seg.*
3. *Staten har ansvar for Tunellsikkerheitsforskrifta, og må ta ansvar for finansieringa fullt ut.»*

Eg vil difor anmode om at staten ved Storting og Regjering tek ansvaret og syter for at fylkeskommunane med mange tunnelar vert sikra økonomiske rammer til iverksetjing av forskrifta.

Anne Gine Hestetun  
Fylkesordførar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*